

# ÅRSMELDING 2015

## Innhald

Året 2015	2
<b><u>Styret, administrasjon og organisering</u></b>	
Styret	3
Medarbeidarar/organisering/likestilling	
Organisasjonsplan 2015	5
Lokalisering	5
Evaluering av selskapsform og tenesteinnhald	5
<b><u>Drift VAR</u></b>	
Kjernetjenester i SVA KF VAR	6
Drift VAR	6
<b><u>Prosjekt VAR</u></b>	
Pågåande prosjekt	7
<b><u>HMT - Arbeidsmiljø</u></b>	
Hendingar og sjukefråvær	7
<b><u>Anna</u></b>	
Kundar hos Stord vatn og avlaup KF	8
Nøkkeltal. Utvikling av eigedomsgebyra	8
<b><u>Årsrekneskapan 2015</u></b>	
Investeringar/lån	9
Drift	9
Resultat/fond	10

**STYRET SIN ÅRSBERETNING OG ÅRSREKNESKAP 2015  
FOR  
STORD VATN OG AVLAUP KF**

**ÅRET 2015**

---

Utbygging og drift av vassforsynings - og avløpsanlegg er grunnleggjande for samfunnsutviklinga både lokalt, regionalt og nasjonalt. Overordna godkjenings - og kontrollmynde for produksjon og levering av drikkevatt og reinsing av spillvatt stiller strenge krav til kvalitet og tryggleik i alle ledd. Stord kommune har i denne samanhengen store utfordringar i åra som kjem. Utbygging av nye VA – anlegg, rehabilitering av eksisterande anlegg og kvalitetssikring av drifta i eit heilskapleg og berekraftig perspektiv set krav til kompetanse og kapasitet.

Produksjonen av drikkevatt var i 2015 omkring det same som for året før. Det blei totalt produsert 4,0 mill. m<sup>3</sup> drikkevatt i 2015. Vasslekkasjar er ei stor utfordring for driftsorganisasjon. Lekkasjeøk og kontinuerleg betring av leidningsnett er ei av dei viktigaste oppgåvene for føretaket.

I 2015 har det vore stor aktivitet på prosjektsida. Samla investering innanfor vatt og avløp var 63,6 mill.kr. SVA er og ein viktig samarbeidspart i fleire av dei store private utbyggingsprosjekta i kommunen. Dette gjev god synergieffekt.

Kommunedelplanane for vassforsyning og avløp legg føringar for framtidige utbygging av infrastrukturen i Stord kommune, og legg til rette for overordna politiske styring og prioritering. Revisjon av hovudplanane starta i 2013. Planarbeidet vart avslutta i desember 2014, og slutthandsama i styret i SVA 21.01.2015 med innstilling til kommunestyret. Kommunestyret vedtok planane 12.02.2015. Kommunedelplanen for avløp vert lagt til grunn for Fylkesmannen i Hordaland sine utsleppsløyve til Stord kommune.

Evaluering av føretaksmodellen har vore ei viktig sak for føretaket i både i 2014 og 2015. Ved årsskiftet er Stord vatt og avløp ført tilbake til basisorganisasjonen som eiga eining i «To-nivå modellen» til Stord kommune.

2015 har vore eit arbeidskrevjande, utfordrande og interessant år for Stord Vatt og Avløp KF. Dei tilsette i føretaket har utført eit framtidretta og målretta arbeid både når det gjeld planlegging, utbygging og drift av vatt og avløpsanlegg. Me håpar at innbyggjarane i Stord kommune er nøgde med dei tenestene som SVA KF har utført.

## Styret, administrasjon og organisering

### Styret

---

Styret for SVA KF hadde for året 2015 følgjande samansetning:

Jan Arild Nesse	Styreleiar (frå oktober 2015 til 31.12.15)
Sverre Olav Svarstad	Styreleiar (frå 01.01.15 til oktober 2015)
Aud Berit Alsaker Haynes	Nestleiar
Irene Strømø Kvalvik	Styremedlem
Jonas Meyer Eldøy	Styremedlem
Rune Presthaug	Styremedlem valt av medarbeidarane (frå sept. 2015 til 31.12.15)
Øivind Lothe	Styremedlem valt av medarbeidarane (frå 01.01.15 til sept. 2015)
Hilde Grov Ottesen	Varamedlem
Kurt Håkon Grundvold	Varamedlem
Trond Hjartåker	Varamedlem
Carl Ove Larsen	Vara valt av medarbeidarane i SVA (frå september 2015 til 31.12.15)
Leif P Lie	Vara valt av medarbeidarane i SVA (frå 01.01.15 til september 2015)

Styret har hatt 8 møter i 2015. Det har vore handsama totalt 34 saker gjennom året.

### Medarbeidarar/organisering/likestilling

---

Ved utgangen av 2015 var det totalt 31 medarbeidarar i føretaket; 8 kvinner og 23 menn.

Føretaket er organisert i tre avdelingar; «Forvaltning – og kontroll», «Drift - og vedlikehald», «Plan – og utbygging», samt eigne stabsfunksjonar innanfor og IK / HMT. I tillegg kjøper føretaket tenester frå administrasjonen i Stord kommune innanfor personaltenester, økonomi, rekneskap og løn, IKT, sekretær- og arkivtenester, tingartenester og post / teletenester.

Stillingar/Årsverk	2015**	2014	2013	2012	2011**
Antall årsverk	29,8	32,5	28,9	33,6	25
Antall tilsette	31	35	35	35	25
Antall kvinner	8	8	8	8	5
%-andel kvinner	25,8	22,9	22,9	22,9	20,0
Antall menn	23	27	27	27	20
%-andel menn	74,2	77,1	77,1	77,1	80,0
Antall kvinner leiande stillingar	2	2	2	2	2
%-andel kvinner i leiande stillingar	33,3	25,0	22,2	22,2	25,0
Antall menn i leiande stillingar	4	4	6	7	6
%-andel menn i leiande stillingar	66,66	75,0	77,8	77,8	75,0


Stillinger - heiltid / deltid	2015**	2014	2013	2012	2011**
Antall deltidsstillinger årsverk	1,2	2,5	2,6	1,6	0
Antall tilsette i deltidsstillinger	2	5	5	3	0
Antall kvinner i deltidsstillinger	0	1	2	2	0
%-andel kvinner i deltidsstillinger	0	20,0	40,0	66,7	0,0
Antall menn i deltidsstillinger	2	4	3	1	0
%-andel menn i deltidsstillinger	100	80,0	60,0	33,3	0,0

\*\* 2011/ 2015 er utan VTP

Stillingsprosent var i 2015 : 2 stk. 60% (1 frå juni 2015). Resten er 100% stillingar.

Føretaket hadde to medarbeidarar som var på seniortiltak i 2015

Føretaket har overvekt av menn. Føretaket har sett ein positiv trend når det gjeld kvinner innanfor administrasjon og forvaltning.



## Organisasjonsplan 2015

SVA KF kjøper tenester innanfor økonomi, rekneskap, løn, fakturering, arkivtenester og IKT frå basisorganisasjonen i Stord kommune.

## Lokalisering

---

Føretaket held til i SKE bygget på Heiane, Rundehaugen 45, kor SVA KF er leietakar.

### I første etasje:

I første etasje er driftsavdelinga lokalisert. Her finn ein kontor for administrasjonen på driftsavdelinga, matsal, verkstad, lager og garderober.

### På utområdet ved første etasje:

Her er det garasjeanlegg og parkeringsområde for maskin- og bilpark.

### I tredje etasje:

Her finn ein medarbeidarar for administrasjon, forvaltning, kontroll og støttetjenester, samt møterom. I tredje etasje er også inngang for besøkjande.

## Evaluering av selskapsform og tenesteinnhald

---

Bakgrunnen for evalueringa er «PS 89/12 - Årsbudsjett 2013 / Økonomiplan 2013-2016» vedteke i kommunestyret 29.11.2012 som seier at styra i SVA og SKE skal førestå ei evaluering av føretaket. Utdrag av punkt 12 og 13 c i saka, sitat:

*"Kommunestyret vedtek ei evaluering av føretaket som også inneber vurdering av selskapsform og tenester. SVA KF / SKE KF skal førestå evalueringa, eventuelt ved bruk av ekstern hjelp."*

Etter fire år med kommunale føretak er erfaringane med drift, tilpassing og utvikling av organisasjonen eit godt grunnlag for evaluering av føretaksmodellen.

Evaluering av føretaksmodellen har vore ei viktig sak for føretaket i 2014. Styret sin rapport vart handsama i kommunestyret 13.02.14 kor det vart gjort vedtak om at den vidare evalueringsprosessen skulle gjennomførast som forvaltningsrevisjon med ekstern evaluering. Kommunestyret vedtok i same sak at veg, trafikk og parkering, VTP, skulle tilbakeførast frå føretaket til basisorganisasjonen frå 01.01.2015. Forvaltningsrevisjonsrapporten, utarbeidd av Deloitte, vart handsama i kommunestyret 16.10.2014, kor rådmannen fekk i oppdrag å fremje ei sak om organisering av dei tekniske tenestene i Stord kommune. Saka vart lagt fram for kommunestyret 12.02.15. Kommunestyret vedtok å oppretthalde dagens organisering av dei tekniske tenestene med ei vidareføring av føretaksmodellen

Etter kommunevalet hausten 2015 vart det frå den nye koalisjonen gjort vedtak i samband med budsjettet for 2016 i kommunestyret 26.11.15 å avvikle føretaket med verknad frå 01.01.16. Ved årsskiftet er Stord vatn og avlaup ført tilbake til basisorganisasjonen som eiga eining i «To-nivå modellen» til Stord kommune.

## Drift VAR

---

### Kjernetenester i SVA KF

#### VAR. Tenester innanfor sjølvkostprinsippet

---

Det er Stord vatn og avlaup KF som har eigaransvar for Stord kommune sin vassleveranse, leidningsnett og avløpsreinseanlegg. Føretaket har totalansvar for forvaltning, planlegging og utbygging, samt drift, vedlikehald og utvikling av offentlege vatn og avløpsanlegg i Stord kommune.

Tenestene er fullt ut gebyrfinansiert etter sjølvkostprinsippet med eigenbetaling frå brukarane.

#### Vatn

Drikkevatt som SVA leverer, skal vere hygienisk trygt, klart og utan nemnande lukt, smak eller farge. Det skal ikkje innehalde fysiske, kjemiske eller biologiske komponentar som kan medføre fare for helseskade i vanleg bruk.

#### Avlaup

Som avløpsabonnt hos SVA skal ein vere sikra at avløpsvatnet vert leia bort på ein hygienisk trygg måte, og at kommunen driv avløpsanlegga i tråd med gjeldande utsleppsløyve.

Den enkelte abonnt har ansvar for å halda eigne stikkleidningar i orden, og skal også sjå til at det ikkje kjem miljøfarleg avfall eller anna stoff i leidningsnettet som kan hindra ei effektiv reinsing i samsvar med gjeldande miljøkrav. Det er ikkje høve å nytta kjøkkenkvern i Stord kommune.

#### Renovasjon og slam

SVA er ansvarleg for renovasjon for hushald og slamtøming i kommunen, men har gitt den utførande oppgåva vidare til Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM).

## Drift VAR

Driftsavdelinga har døgkontinuerleg vakt, og har drifts og vedlikehaldsansvaret for følgjande anlegg :

Type anlegg	Status pr. 31.12.15
Vassleidning	250 km
Avløpsleidning	180 km
Vasshandsamingsstasjon (Dynasand og UV)	1
Krisevasshandsamingsstasjon (Klor)	1
Høgdebasseng store	2
Høgdebasseng små	2
Målekummar på vassleidning	14
Avløpspumpestasjonar	38
Kommunale slamavskiljarar	4
Mekanisk reinseanlegg avløp	3



Status for investeringar som er under førebuing, utbygging eller fullført i 2015 :

Prosjekt	Status pr. 31.12.15
Rullering kommunedelplan for vassforsyning	Avslutta 02.15
Rullering kommunedelplan for avløp	Avslutta 02.15
Utskifting av tre kloakkpumpestasjonar på Banevegen i Sagvåg	Utbyggingsfase
Rehabilitering VA – anlegg Buneset - Fitjarvegen	Utbyggingsfase
Kloakkreinseanlegg Skjersholmane	Utbyggingsfase
Vatn og kloakkleidning i sjø frå Kårevik til Skjersholmane	Entreprenør kontrahert
Vatn og kloakkleidning frå Heiane Sør til Skjersholmane	Planleggingsfase
Tømmestasjon mobile toalett (bubilar, turistbussar o.l) og vassuttak Heiane	Utbyggingsfase
Vatn og avløpsanlegg Vikastemmo og Stord ungdomsskule	Utbyggingsfase
Rehabilitering kloakkleidning Langelandsvegen	Avslutta 05.15
Valvatna vassmålestasjon	Avslutta 04.15
Hovudvassleidning Valvatna busshaldeplass	Avslutta 10.15
Ny vassleidning til Føyno	Avslutta 11.15
Nu hovudvassleidning Grunnvågen	Utbyggingsfase
Rehabilitering VA – anlegg Bjellandsvegen	Planleggingsfase
Rehabilitering VA – anlegg Rommetveitvegen	Planleggingsfase
Rehabilitering VA – anlegg Sagvåg bru	Utbyggingsfase
Rehabilitering VA – anlegg Skrivargarden	Planleggingsfase
Vatn og kloakkleidning E39 Hatlandsdalen	Utbyggingsfase
Rehabilitering VA – anlegg Kårevikvegen	Planleggingsfase
Kloakkpumpestasjon Kårevik	Planleggingsfase
Kloakkpumpestasjon Hamnegata på Leirvik	Planleggingsfase
Vassleidning Ådlandsvatnet	Utbyggingsfase
Oppgradering / Ombygging Lundsseter vasshandsamingsstasjon	Utbyggingsfase
VA – anlegg Huglo	Planleggingsfase
Rehabilitering av kloakkpumpestasjonar	Planleggingsfase
Tomteregulering Djupavikneset på Leirvik	Planleggingsfase

## HMT - Arbeidsmiljø

### Registrerte hendingar innanfor HMT

År	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Skade med fråvær	2	0	0	1	1	1
Skade utan fråvær	2	1	1	1	1	1
Uønskt hending	2	5	4	0	0	0

Målsettinga er: 0 hendingar.

### Sjukefråvær i snitt SVA KF

År	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Langtid i %	2,47	0	2,79	3,11	3,03	2,80
Korttid i %	2,96	1,64	2,77	4,17	1,59	2,30
Samla %	5,44	1,64	5,66	7,28	4,6	5,1

Målsettinga til SVA KF i 2015 var 4,5 %.


Anna

### Kundar hos Stord vatn og avlaup KF

Stord vatn og avlaup leverer tenester til / administrerer følgjande kundegrupper :

	Kundar 2011	Kundar 2012	Kundar 2013	Kundar 2014	Kundar 2015
Abonnentar vassforsyning	7 338	7 442	7 555	7 731	7 825
Abonnentar avløp	6 593	6 703	6 798	6 964	7 062
Abonnentar avløp – hytter / fritid	52	49	50	54	54
Abonnentar slamavskiljarar - hushald	508	507	514	512	511
Abonnentar slamavskiljarar - hytter/fritid	60	62	63	70	74
Abonnentar renovasjon - hushald	7 434	7 546	7 664	7 812	7 930
Abonnentar renovasjon - hytte/fritid	321	320	320	330	333

### Utvikling eigedomsgebyr for perioden 2009 - 2015





## Investeringslån

Stord vatn og avlaup har investert for 63,6 millionar kroner i 2015.

Føretaket står med langsiktig lånegjeld til Stord kommune pr. 31.12.15 med kr 545,2 millionar kroner. Det er betalt 18,8 millionar kroner i avdrag i 2014 (tilsvarende kalkulatorisk avskrivning).

SVA KF	31.12.2013	31.12.2014	31.12.2015	Endring siste år
Langsiktig lånegjeld i SK (Mill) VA	458,9	500,7	545,2	+ 44,5

## Drift

	Vatn	Avlaup	Renovasjon	Slam	Sum VAR
Netto driftsresultat	1 365 787	549 309	1 674 063	298 008	3 887 167

Gebyrinntekter	36 173 447	33 132 800	15 645 864	390 681	85 342 792
Andre driftsinntekter	664 022	134 759	13 000	0	811 781
<b>Driftsinntekter</b>	<b>36 837 469</b>	<b>33 267 559</b>	<b>15 658 864</b>	<b>390 681</b>	<b>86 154 573</b>
Direkte driftsutgifter	19 815 345	18 414 968	13 518 411	70 322	51 819 046
Avskrivingskostnad	9 650 106	9 073 516	0	0	18 723 622
Kalkulatorisk rente (1,94 %)	5 354 018	4 612 308	0	0	9 966 326
Indirekte netto driftsutgifter	615 337	582 487	445 180	22 242	1 665 246
Indirekte avskrivingskostnad	32 402	30 743	18 886	97	82 128
Indirekte kalkulatorisk rente (1,94 %)	4 473	4 230	2 324	12	11 039
<b>Driftskostnader</b>	<b>35 471 682</b>	<b>32 718 250</b>	<b>13 984 802</b>	<b>92 673</b>	<b>82 267 407</b>
<b>Resultat</b>	<b>1 365 787</b>	<b>549 309</b>	<b>1 674 063</b>	<b>298 008</b>	<b>3 887 167</b>
Kostnadsdekning i %	103,9 %	101,7 %	112,0 %	421,6 %	104,7 %
<b>Sjølvcostfond 01.01.15</b>	<b>229 175</b>	<b>25 972 697</b>	<b>297 066</b>	<b>426 268</b>	<b>26 925 206</b>
-/+ bruk av/avsetning til sjølvcostfond	1 365 787	549 309	1 674 063	298 008	3 887 167
+/- Kalkulert renteinntekt/-kostnad sjølvcostf. (1,94 %)	17 694	509 199	22 001	11 060	560 054
<b>Sjølvcostfond 31.12.15</b>	<b>1 612 656</b>	<b>27 031 204</b>	<b>1 993 131</b>	<b>735 436</b>	<b>31 372 427</b>

## Resultat/fond

Vatn, avløp, renovasjon og slam skal finansierast etter prinsippet om sjølvkost. Sjølvkost inneber at kommunen sine kostnader med å tilby tenestene skal dekkjast av gebyra som brukarane av tenestene betalar. Kommunen har ikkje høve til å tena pengar på tenestene. Det vert etter kvart rekneskapsår utarbeida ein etterkalkyle som viser sjølvkostrekneskapen for det enkelte gebyrområdet. Elementa i ein sjølvkostkalkyle avvik frå kommunen sin ordinære driftsrekneskap på enkelte område. Dei to rekneskapa vil ikkje kunna samanliknast direkte. Dette betyr mellom anna at over-/ underskot i rekneskapen skal først mot sjølvkostfond.

I sjølvkostkalkylen inngår rekneskapsmessige driftsinntekter, driftsutgifter, kalkulatoriske avskrivningar og rentekostnader, samt indirekte driftsutgifter (administrasjonsutgifter).

Ved berekning av kalkulatoriske avskrivningar gjer ein i sjølvkostberekningane fråtrekk av framandfinansiering og tilskot i investeringskostnaden. Kalkulatorisk rentekostnad representerer alternativ avkastning kommunen går glipp av ved at kapital er bunden i anleggsmidlar knytt til investeringar innanfor sjølvfinansierte tenester. Den kalkulatoriske rentekostnaden vert berekna med utgangspunkt i rekneskapsført restverdi av anleggsmidlar. Kalkylerenta er årsgjennomsnittet av 5-årig swap-rente + ½ %. I 2015 var denne lik 1,94 %.

Retningslinene for sjølvkost fastset reglar for kva administrasjonsutgifter som kan gå inn i sjølvkostgrunnlaget. Vidare er det bestemt at eventuelle overskot skal settast av til bundne sjølvkostfond. Ein generasjon brukarar skal ikkje subsidiere neste generasjon, eller omvendt. Kostnadene ved tenestene som vert ytt i dag skal dekkjast av dei brukarane som dreg nytte av tenesta.

I tillegg til å utarbeida ein etterkalkyle for kvart tenesteområde må kommunen også utarbeida forkalkyle i forkant av budsjettåret for å estimere drifts- og kapitalkostnader for neste økonomiplanperiode. Forkalkylen gjev grunnlag for gebyrsatsane i kommunen. På budsjetteringstidspunktet er det mange usikre faktorar, mellom anna framtidig kalkylerente og utvikling av tal på brukarar.

Innanfor vatn og avløpsområdet har den historisk låge kalkylerente medført lågare kapitalkostnader enn budsjetterte dei siste åra. Dette har ført til oppbygging av desse sjølvkostfonda.


Fonda har hatt følgjande utvikling dei siste fire åra :

Fond pr.	31.12.2012	31.12.2013	31.12.2014	31.12.2015	Endring
Vatn	6 279 903	2 455 045	229 175	1 612 656	+ 1 383 481
Avløp	21 993 811	25 389 120	25 972 697	27 031 204	+ 1 058 507
Renovasjon	489 527	744 416	297 066	1 993 131	+ 1 696 065
Slam	334 125	641 195	426 268	735 436	+ 309 169
Sum fond	29 097 366	29 229 776	26 925 206	31 372 427	+ 4 447 221

Stord 12.04.2016



Magnus Mjør  
rådmann



Roy-Sverre Amundsen  
dagleg leiar/einingsleiar



Hege Etterlid  
økonomisjef